

Om menneskerettar og utanrikspolitikken.

Initiativ for Etisk Handel (IEH) takkar for moglegheita til å koma med innspel til Regjeringa sitt arbeid med å fremma menneskerettane i det internasjonale arbeidet. IEH vil avgrensa vårt innspel til å fokusera på næringsliv og menneskerettar, eit område med stadig aukande fokus med både negativ og positiv valør.

Bakgrunn

IEH sitt føremål er å fremja ansvarlege leverandørkjeder slik at internasjonal handel bidreg til å ivareta menneske- og arbeidstakarrettar, berekraftig utvikling og forsvarleg miljøhandtering. Heilt frå stiftinga i 2000 har me hatt eit godt samarbeid med både Utanriksdepartementet og Norad¹, og i tillegg til det løpande arbeidet med vår per i dag nærare 140 medlemmer, frå næringslivet (dei langt fleste), fagrørsla, offentleg sektor og NGO-sektoren.

IEH tuftar arbeidet sitt på sentrale FN- og ILO- konvensjonar, og byggjer våre synspunkt på eigen og andre sine erfaringar gjennom meir enn 13 års konkret arbeid med å styrka menneskerettane sin plass i dei globale leverandørkjedene norsk næringsliv er ein del av. Me registrerar med glede at dei seinare års oppdatering av OECD sine retningslinjer for fleirnasjonale selskap samt *UN Guiding Principles for Business and Human Rights* ogso understrekar næringslivet si plikt til å

- Undersøka faren for å medverka til brot på menneskerettane – i eigen verksemd eller hjå forretningspartnarar
- Bidra til å forbetra situasjonen der brot, eller faren for brot er til stades
- Søkja samarbeid med andre aktørar i erkjenninga av at næringslivet ikkje kan løysa alle problem åleine

Våre medlemmer møter dagleg utfordringane knytt opp til særleg arbeidstakarrettane i sokalla lågkostland. IEH si erfaring i arbeidet med våre medlemmer er at hovudproblemet ikkje er svak eller mangelfull lovgjeving, sjølv om det ogso til tider er tilfellet, men snarare implementeringa av denne. Årsakene til dette er fleire, men ein kombinasjon av svake og/eller uviljuge statar, manglande kompetanse og vilje hjå lokalt næringsliv, mangel på eller svake fagorganisasjonar er gjennomgangstonen. Saman med det faktum av (for) mange av dei internasjonale næringslivspartnarane manglar vilje og/eller kompetanse til å innføra ein forretningspraksis som i praksis støttar opp under menneskerettane.

Norsk næringsliv har eit godt potensiale til kunne bidra i fremste rekke i så måte, men det er framleis ein jobb å gjera for å henta ut dette potensialet.

IEH meiner at Regjeringa bør leggja særleg vekt på å

1. fullt ut integrera menneskerettsaspektet i alt arbeid med fremme av norsk næringsliv.

¹ Sjå t.d. heftet "Human Rights Due Diligence in Global Supply Chains", med forord av statsrådene i NHD og UD. http://etiskhandel.no/Publikasjoner_Rapporter/Veileder/index.html

Det inneber ogso å opna for minstekrav til dei aktørane som får nytta godt av offentlege tiltak for næringsfremme. Det handlar om informasjon, kompetansebygging og tilrettelegging for konstruktivt samarbeid med aktørar frå andre sektorar, ikkje minst lokalt;

2. tydeleggjera forventingane til norsk næringsliv ndg internasjonale relasjonar og ansvar, inkludert leverandørkjeda. Dei politiske signala, både internasjonale og nasjonalt er rimeleg klare, kompetansen og erfaringane med å konvertera dette system for ansvarleg forretningsdrift finnast, men (for) mange norske bedrifter manglar kunnskap og kjennskap til korleis dette kan gjerast;
3. støtta styrking av relevante statlege institusjonar i lågkostland (arbeidstilsyn, miljøtilsyn, minstelønsprosessar m.v.). Staten har den primære rolla i å sikra menneskerettane for sine innbyggjarar;
4. understreka viktigheita av faktisk handheving av sentrale faglege rettar i bilaterale samtalar, men ogso gjennom støtte til praktiske tiltak, som t.d. ILO og IEH i Bangladesh;
5. støtta opp under tiltak for kompetansebygging av produsentar i lågkostland og fasilitering av sosial dialog;
6. støtta tiltak som set norske selskap i kontakt med relevante lokale aktørar som sit med lokalkunnskap om MR- situasjonen og næringslivet si potensielt positive rolle i aktuelle land.

Me vonar innspela er som nyttige og deltek meir enn gjerne med utdjupande synspunkt og kommentarar i det vidare arbeidet fram mot Stortingsmeldinga.

Mvh



Per N. Bondevik
Dagleg leiar